



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 05.01.2026

Vår ref.: 202524937-5 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

NVE gir løyve til mellombels fråvik frå kravet om minstevassføring mellom Tyin og Torolmen i Årdalsvassdraget, Årdal kommune, Vestland

Vi viser til søknad av 8. desember 2025 om løyve til mellombels fråvik frå kravet om slepp av minstevassføring mellom Tyin og Torolmen i Årdal kommune. Først i brevet finn du NVE sitt vedtak med tilhøyrande vilkår. Deretter kan du lese om tiltaket og NVE si grunngiving for vedtaket.

NVE sitt vedtak

NVE gir løyve til at Hydro Energi AS kan fråvike kravet om slepp av minstevassføring mellom Tyin og Torolmen i inntil 10 timar i perioden 12.–14. januar 2026.

Vedtaket er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

NVE stiller følgjande vilkår

- Det skal førast protokoll for det tidsrommet manøvreringsreglementet blir fråvike. Det skal meldast frå til NVE når tiltaket er gjennomført.
- Det skal sleppast ekstra vatn i forkant av perioden utan minstevassføring.
- Alle vassføringssendingar skal skje gradvis slik at stranding av fisk og andre vasslevande organismar blir minimerte eller unngått så langt det er mogleg.
- Perioden med redusert minstevassføring skal gjerast så kort som mogleg.
- Ramma partar skal kontaktast direkte for å bli informerte om tiltaket. Informasjon om tiltaket skal i tillegg publiserast på relevante nettsider, som nettsida til selskapet og sosiale medium. Vi ber om at Hydro Energi AS kontaktar kommunen for å leggje ut informasjon om tiltaket på nettsidene til kommunen.
- NVE føreset at Hydro Energi AS har ordna dei privatrettslege forholda som eventuelt måtte bli skadelidande av tiltaket.

Løyvet er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Høve til å klage

Vedtaket kan klagast på. Sjå opplysningar om rett til å klage på siste side.

Om søknaden

Hydro Energi AS skal gjennomføre ein inspeksjon og skanning av lukesjakt og lukepropp på Tyinosen. Dette må gjerast fordi det er avdekt eit avvik på tappearrangementet i konsekvensklasse 4. Hydro Energi har fått ei tidsfrist frå Damtilsynet i NVE på 4 månader for å utbetre avviket. Dagens minstevassføringskrav på 0,3 m³/s mellom Tyin og Torolmen sleppast i tappeløpet som skal inspiserast. Det er derfor nødvendig å stengje vassleppet for at arbeidet kan utførast på ein sikker måte. Hydro Energi søker om fråvik frå kravet til minstevassføring i ein avgrensa periode på om lag 10 timar. Dei oppgir at det planlagde fråviket vil ha svært avgrensa miljømessige konsekvensar. For å redusere påverknaden vil Hydro Energi sleppe noko ekstra vatn i forkant av perioden utan minstevassføring.

Manøvreringsreglementet det søkast om fråvik frå ble fastsett ved kgl.res. 8. mars 2013.

Høyring

På grunn av det avgrensa omfanget i saka har ho ikkje vore kunngjort lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at ho er tilstrekkeleg belyst gjennom dette.

Årdal kommune uttaler i e-post av 16.12.2025:

Årdal kommune tek søknaden frå Hydro Energi til orientering og har ingen merknader til det omsøkte fråviket frå kravet til minstevassføring. Det leggst til grunn at tiltaket vert gjennomført som skildra, og at nødvendige avbøtande tiltak vert følgde for å redusere miljømessige konsekvensar i perioden utan vassføring.

Statsforvaltaren i Vestland uttaler i e-post av 11.12.2025:

Vi viser søknad om fråvik frå manøvreringsreglementet for elva Tya mellom Tyin og Torolmen som er sendt på høyring med ei veker frist. Vi kjem berre med ei forenkla fråsegn.

Føremålet er å kunne gjennomføre pålagt inspeksjon og vedlikehald av reguleringsanlegget, og tiltaket har dermed stor samfunnsverdi. Fråviket gjeld ein periode på inntil ti timar. Dette kan innebære risiko for at elvebotn blir mellombels tørrlagt. Vi konstaterer at Hydro Energi vil prøve å buffre elva ved å sleppe noko ekstra vatn i forkant.

Vi legg til grunn at fråviket blir så kort som mogleg, og at fisk og anna vassfauna blir ivareteke så godt som råd. Vi har elles ikkje merknader til søknaden.

NVE si vurdering

NVE kan gi løyve til å fråvike eit manøvreringsreglement etter vassressurslova § 8 når formålet er nødvendig reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket fell etter vårt syn inn under dette formålet.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Statsforvaltaren i Vestland påpeiker i si uttale at tiltaket kan innebere risiko for at elvebotn blir mellombels tørrlagt. Dei legg til grunn at fråviket blir så kort som mogleg, og at fisk og anna vassfauna blir ivareteke så godt som råd. NVE merkar seg at Hydro Energi har planlagt å sleppe noko ekstra vatn i forkant av perioden utan vassføring, noko som kan bidra til å redusere negative effektar av tiltaket. NVE ber i tillegg om at reduksjon i vassføring skjer sakte, slik at fisk kan søkje tilflukt i kulpar. Me ber også om at perioden med redusert minstevassføring gjerast så kort som mogleg.

NVE har den 11.12.2015 gjort søk i Naturbase og Artskart. Langs elvestrengen mellom Tyn og Torolmen, i Tya, er det registrert høyfjellskarse (nær trua - NT) og moselyng (nær trua - NT). Høyfjellskarse er knytt til fuktige stader i lågpint til høgarpint belte, mens moselyng er knytt til snøleier i fjellet. Området omkring elva er registrert med naturtypen *Kalkrike områder i fjellet* (viktig - 2002) og *Intermediær fjell-lyng og lavheier*, kartlagt etter NiN. Langs aktuell elvestrekning finnes også årtidsbeite for tamrein, meir spesifikt oksebeiteland og anna vårlend, der okserein og fjorårskalvar oppheld seg i kalvingstida.

Etter NVE si vurdering vil naturverdiane registrert i Naturbase og Artskart ikkje bli påverka av at minstevassføringskravet mellom Tyn og Torolmen blir fråvike i inntil 10 timar. Tiltaket har kort varigheit, og dei registrerte naturverdiane er ikkje direkte avhengige av kontinuerleg vassføring.

NVE meiner at vurderingane er i tråd med prinsippa i naturmangfoldlova som skal varetakast når vedtak treffest, jf. naturmangfoldloven §§ 8-12. NVE vil i samband med dette påpeike at tiltaket er mellombels og av kort varigheit. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfoldloven §§ 4 og 5.

NVE sin oppsummering og konklusjon

NVE kan ikkje sjå at eit fråvik frå kravet om minstevassføring på elvestrekningen mellom Tyn og Torolmen vil være til nemneverdig skade for nokon kjente allmenne interesser.

NVE gir løyve etter vassressurslova § 8 til at Hydro Energi AS kan fråvike kravet om minstevassføring på elvestrekningen mellom Tyn og Torolmen i inntil 10 timar i perioden 12.-14. januar 2026.

Med helsing

Oscar Østvold
fagleiar

Anne Karine Herland
seniorrådgivar



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Mottakarliste:

HYDRO ENERGI AS

HYDRO ENERGI AS - Kristen Johannes Rockland Aarethun

Kopimottakarliste:

ÅRDAL KOMMUNE

Filefjell Reinlag ANS

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: • Skrive kva for vedtak du klagar på. • Skrive kva for eit resultat du ønsker. • Opplyse om du klagar innanfor fristen. • Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unntatte offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klagt på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.
Du kan be om avgjerd om utsett iverksetjing av vedtaket	Du kan be om avgjerd om at vedtaket ikkje skal setjast i verk før klagefristen er ute eller klagt er avgjort. Klage på vedtak om samtykke til ekspropriasjon har utsetjande verknad, med mindre det er gjort vedtak om noko anna.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine regler i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32, 36 og 42.